

KULTURELT UTVIKLINGSPROGRAM

RAPPORT 2016-17

Vår ref.: 2016/895-64
Prosjektnavn: Les og le
Tildelt beløp: 100 000 (3 år)

1. Kva er utført i perioden?

Klovneforestillinga er ferdig utforma, men skal tilretteleggast på ny spesielt for klasserommet, ettersom den hittil har vorte presentert for eit blanda publikum. Frøydis Flotve og Ingeborg utvikla og prøvde ut framsyninga under opphaldet hos Seanse i Volda, og har hatt framsyningar både ved Dei nynorske festspela og Bergen offentlige Bibliotek. Framsyninga fekk sær gode tilbakemeldingar.

Skrivekurset har hatt to utprøvingar i klasserom. Den siste utprøvinga var både Frøydis og to lektorar frå Nynorsksenteret med, Liv Kristin Bjørlykke Øvereng og Marit Wadsten i lag med forfattere. Informasjon og tilrettelegging av skrivekurset har vorte utvikla som eit «kortkurs», med gode innspel frå dei to erfarne lektorane. Planen er å trykke kurset på små kort til både lærarar og elevar. Me har halde eitt kurs for nye latterformidlarar våren 2017. No legg tilbodet ute på Forfattersentrum sine nettsider:

<http://www.forfattersentrum.no/produksjon/les-le-ei-klovneframsyning-ei-bok-eit-skrivekurs/>

Manus for barn er ferdig utvikla og hadde premiere i mars 2017. Gruppa var med og improviserte fram manus ut frå boka og egne idear. Stykket fekk namnet Latteruniverset. Det vart komponert ny musikk av Tarjei Vatne. Barneteatergruppa hadde to framsyningar i Ungdomshuset på Haugland. No står berre finpussen att for å gjere dette tilgjengeleg for andre grupper som vil arbeide med latter.

2. Eventuelle avvik i høve prosjektplan / budsjett:

vår 2017

- Det vart søkt om turné i DKS Hordaland og Sogn og Fjordane, men me fekk diverre avslag frå begge Fylka. No er det sendt søknad til Stord Kommune og me kjem til å sende inn nye søknader før dei ulike freistane i Fylka. Sjølvne turnèplanane er difor litt utsett.